



DEN NORSKE KYRKJA

Høyanger Sokneråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 16.04.2021

Møteprotokoll Høyanger sokneråd

Møtedato: 07.04.21

Møtetid: Kl. 18.00

Møtested: Høyanger bedehus

Tilstades: Vidar Myren, Andreas Ester, Marit Tønning og May-Wenche Fossmark

Forfall: Lars Petter Amundrud, Trond Gandrud og Veronika Vågen

Kopi av møteboka går til:

Prost Knut Magne Nesse, ordfører Petter Sortland, rådmann Kjellaug Ekse Brekklus, kontor Gerda Otterstein, administrasjonssekretær Katarina Vattekar, kyrkjelydspedagog Toril Lange, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og sakliste og møteprotokoll frå 03.03.21
Innkalling og sakliste godkjent utan merknader. Møteprotokoll godkjent utan merknader. Vidar Myren er referent

016/21 Soknepresten har ordet: Andreas tok utgangspunkt i Lucas 24 og ei forteljing frå Emmaus.

017/21 Postgjennomgang. Sidan siste soknerådsmøte er følgende blad motteke: Magasinet Stefanus nr.1 og Misjonstidene 02/21. Stefanusalliansen ber om gåve til kristne i Iran. Saka vert sakshandsama ved haustens offertildeling.

018/21 Framtidig opplegg vedr. trusopplæring i Høyanger sokn. Saka vart drøfta i fellesrådet i sak 016/21 den 25.03.21. Gjeldande trusopplæringsplan må reviderast. Arbeidet vert eit samarbeid mellom bispedømmet og kyrkjelydspedagogen. Stillinga som lysast ut bør vere med størst mogleg stillingsprosent og arbeidsgjevaransvaret bør ligge hos HKF.

Vedtaksaker:

Sak 10/21 Dugnad ved og rundt Høyanger kyrkje.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek at det vert dugnad onsdag 21.04.21 kl. 18.00, vi reknar med at det går mellom 2 til 3 timar.

Det vert to arbeidslag, det eine ryddar rundt kyrkja og på gravplassen på Øvre Sæbø.

Det andre ryddar på gravplassen på Tunga.

Vi møtes ved Høyanger kyrkje kl. 18.00 og tar det derfra ettersom kor mange som møter opp.

Soknerådsleiar og nestleiar tar nærmare kontakt.

Sak 011/21 Høyanger bedehus.

Soknerådet drøfta innspela frå soknemøtet og mottekne epostar i saka. Soknerådet vedtok i sak 44/20 den 09.12.20 at det ikkje skulle konkluderast før bedehussaka vart lagt fram i soknemøtet 21.03.21. Til stades ved årsmøte/soknemøte var 17 personar, kun tre utanom råd og tilsette. Engasjementet for bedehuset blant innbyggjarane i Høyanger er lite, og dette tar soknerådet til etterretning. Ved avrøysting vart resultatet: to røysta ja til overtaking av bedehuset og to røysta nei. To av medlemmene som hadde meldt avbud røysta skriftleg via epost slik at avgjerda vart tre mot og tre for. Ein av rådsmedlemene som ikkje var tilstades røysta ikkje.

Soknerådsleiar ønskte ikkje å bruke si dobbeltrøyst i saka. Rådet ønskjer meir informasjon og soknerådets nestleiar Marit Tonning kontaktar riksantikvaren og kulturavdelinga ved fylkeskommunen. Det vert og teke kontakt med takstmann Leon Austreim, som har taksert bedehuset. Rådet vil også ha svar på kva reglar som gjeld for universell utforming. Rådet håper denne informasjon vil gje eit betre grunnlag for å avgjere saka.

Høyanger sokneråd kan på dette grunnlag ikkje konkludere i saka og vedtek følgjande:

Vedtak:

Høyanger sokneråd innkallar til eit ekstra møte med eit tidspunkt som passar for samlege. Leiar og nestleiar kontaktar rådsmedlemmene og finn eit egna tidspunkt.

Sak 012/21 Soknerådet sine oppgåver etter Kl. §9

Soknerådet ønsker å få ei avgjerd i bedehussaka før ein startar dette arbeidet.

Vedtak:

Høyanger sokneråd vedtek samrøystes at saka skal utsetjast til neste soknerådsmøte

15.04.21.

Referent: Vidar Myren